



Stad Landskap
993 957 674

Organisasjonens Historie

Det fyrste prosjektet var å hindre utbygging av vindkraft på Hoddevikfjellet på Stadlandet, ein kamp Stad Landskap og lokalmiljøet tilslutt vann. Ymse lag og organisasjonar i Selje kommune vart tilskrevne som "høyringspartar" då Statkraft søkte konsesjon med planområde som dekte mesteparten av Hoddevikfjellet på slutten av 90 talet. Det vaks fram eit behov for ein felles organisasjon med felles mål; *"Ta vare på den sarte naturen og kulturmiljøet på Stadlandet."* NVE ved Arne Olsen gav konsesjon til Statkraft i 2000, denne vart påklaga og i 2002 vart konsesjonen avslått av OED med varig virkning, og Stad Landskap vann den første sigeren etter fleire år med kamp. Men Organisasjonen fekk ikkje puste lenge, for kapitalkrefter pressa på for ytterlegare utgreiingar, og i 2004 kjem det ei førehandsmelding frå SFE Produksjon og BKK Raadgivning som startar planarbeid for fjella på andre sida av dalen 3 kilometer nord for områda der OED gav avslag 2 år tidlegare, dermed var ein ny kamp i gang.

Stad Landskap har sidan skipinga 2 februar 2000 hatt som overordna mål å ivareta miljø- og naturverdiane i Selje kommune, og etter kommunesamanslåinga i 2020, nye Stad kommune. Vi har jobba for å finne miljøtilpassa løysingar for inngrep og utbyggingsprosjekt i kommunen. Stad Landskap jobba også med andre prosjekt som taretråling, Stad skipstunell, og radarstasjonen på Vestkapp, kystgeit og anna. Utover 2000 talet kom der nye personar inn i organisasjonen, og vi slo oss saman med mellom anna "Stopp rasering av kysten", EPAW, og andre protestorganisasjonar som då eksisterte.

Stad Landskap registrerte seg i Brønnøysund 22.04.2009 som ein frivillig organisasjon. Vi fekk godt samarbeid med Fylkesmann, naturvernforbund, NOF, NINA og Miljødirektoratet. Når så konsesjon vart handsama i perioden 2007 til 2013 var det komme inn 21 fråsegner. Av desse var 2 partar positive, 2 etterlyste tiltak, og dei resterande var imot. NVE neglisjerte nasjonal, regional og lokal motstand, og gav konsesjon på antagelsar om at fordelane er større enn ulempene, og dokumentasjonen i saka peiker på at konsesjon vart gitt einsidig på bakgrunn av forventa økonomisk vinning og sysselsetting i lokalmiljøet.

Stad Landskap fikk etterkvart ein motstandar som tildels overkjørde lokalmiljøet med sine lobbykampanjar. "Vindraftforum" som no heiter "Forum for Grøn energi", strekte seg vel langt for å få vindkraft til regionen. Dagleig leiar for konsulent selskapet Vestavind Energi som leiar Oklaprosjektet i 2020, sat i 2010 i styret i vindkraftforum, samt dagens Ordførar for Stad Kommune sat i 2010 som Styreleiar i lobbyorganisasjonen.



Etter nederlaget i 2015 vart det sagt at no var alt håp ute og ingenting kunne gjerast. I Stad Landskap var energien nær tapt etter 17 år med kamp mot industrialisering av Stadfjella nær Vestkapp, og i løpet av dei neste åra vart organisasjonens styre prega av alderdom og sjukdom. Stad Landskap fanga ikkje opp planprosessen som føregikk mellom 2016 og 2018, og lite viste vi at ting var på gang. Sommaren 2019 eksploderte kampen nok ein gong, og eitt innbyggjarinitiativ kom på plass, det hadde vorte oppdaga dårleg saksbehandling, og slett naturvernomsyn. Konsesjon hadde sidan høyringsrundene som førte til gjeven konsesjon i 2013 vorte endra i ei slik grad at noko måtte gjerast. Innbyggjarinitiativet og Stad Landskap samla lokal og nasjonal motstand i nok eit forsøk på å stanse ei utbygging som ødelegg meir enn det smakar på alle felt. Saman klarte vi å sette vindkraft på dagsorden i kommunestyret for første gong sidan MTA vart lagt fram i 2017, fram til då hadde det politiske mindretallet samla styringsmakt i kommunen, og valgte å behandle Oklasaka på lavast mogleg nivå utan å følge opp sin del av samarbeidsavtalen som vart signert i 2016 etter at nytt formannskap vart konstituert. I 2019 ba eit einstemmig kommunestyre (14-0) NVE om å sjå på konsesjonen på nytt då det kan konkluderast med at konsesjon er gitt på feil grunnlag og at planarbeidet ved minst to anledningar skulle ha utløyst krav om ny søknad og nye høyringsrunder. NVE ved Arne Olsen valgte igjen å neglisjere lokal og nasjonal motstand og sende saka over til OED for endeleg behandling utan å vedta å utsette iverksetting av vedtak til etter klagebehandlinga er ferdigstilt hjå OED.

Stad Landskap jobbar vidare med ny kraft. Vi ber om innsyn i landskapsendrande prosjekt i kommunen, og kommunesamanslåinga har gitt oss eit større areale å vokte. Stadig større press for å ofre naturmangfold og friluftsområder til fordel for kapitalgevinst, opprettholder behovet for ein frivillig organisasjon som Stad Landskap. Å forvalte ressursane våre på ein god måte ein kamp det er givande å sloss for, det trengs grupper som ser verdi i meir enn kontantar og tal på ein dataskjerm.

[Stad Landskap](#)
[Stad 2020](#)